

Dette er ein kanallotteri-stasjon

Her kan du hente sekkar og lodd

Plast i havet tek livet av millionar av fisk, sjøfugl og marine pattedyr kvart år. Plasten smuldrar opp og blir til mikroplast som blir ein del av krinsløpet. Innsatsen din med å plukke søppel er eit viktig bidrag for å hindre at plastsøppel finn vegen ut til havet.

I Telemark har vi mange og store vassdrag. I desse skjer det ein effektiv transport av avfall som til slutt endar opp i havet. Kystlotteriet har vore ein stor suksess langs kysten, og mange forsøpla strender er no fri for søppel. Det er like viktig å rydde inne i landet som langs kysten!

Avfall, uansett kvar det ligg, vil til slutt finne vegen til ei elv, ein bekk eller ein innsjø og blir frakta ut til havet vårt!

Dette gjer du for å bli med:

- 1. Ta ein sekk**
- 2. Fyll sekken med søppel**
- 3. Fest eit lodd på sekken og riv av den delen med informasjonen din**
- 4. Putt loddet i luka og tre sekken inn på wiren på baksida av stasjonen**

- Det er lettast å fylle ut informasjonen din på loddet før du knyter loddet fast til sekken
- Riv av den ytterste delen (det er kvitteringa/loddet ditt)
- Den tredje (vesle) delen av loddet skal henge igjen på sekken; då er det berre å feste sekken til wiren ved å opne karabinkroken!

Tusen takk for hjelpa!!

Premiar: Ved å delta i Kystlotteriet/Kanallotteriet er du med i nasjonal og regional trekning. Vi trekker 4 heldige vinnarar kvar månad fram til 15. oktober! Vinnarar vil bli kontakta av oss i Telemarkskanalen Regionalpark.

Regionale premiar er 1000 kr

For nasjonale premiar sjå: www.kystlotteriet.no



Midtre Telemark vannområde



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

